

Nr. 4



JUNI 1990

23. ÅRG

Ungdomsklubb

Fredag 26. oktober kl. 18.00 opnar den nye ungdomsklubben sine dørar i det nye kyrkjelydshuset i Arna til sin første klubbsamling.

Se side 7



Ett-åring på 22 i Arna

Se side 9

Jesus — vil du møta han?


I Markus 4 (3-8) står det: Ein mann gjekk ut og skulle så. Og då han sådde, fall noko attmed vegen og fuglane kom og åt det opp. Noko fall på steingrunn, der det var lite jord, og det rann snøgt opp fordi der var så grunt. Men då sola steig sveid det av og visna, for det hadde ikkje rot. Noko fall mellom klungeren, og klungeren voks opp og kjøvde det, så det gav ikkje grøde. Men noko fall i god jord. Det rann opp og voks og gav grøde noko tretti foll, noko seksti foll og noko hundre foll.

Jesus er såmannen som ønskjer å så ordet. Han ønskjer at ordet (såkornet) skal falla i god jord og gjeva grøde i kvar enkelt av oss.

Kvífor er det då mange, mange som ikkje går Jesus i møte? Kvífor er det så mange som seier: Jau, det finst nok ein Gud, men tida er liksom ikkje inne. Det høver ikkje akkurat no. Eg kan vel ta trua på alvor når eg vert gammal.

Barrierar

Ja, hindringane, barrierane og unnskyldningane for ikkje å møte Jesus er mange og varierte. Det er klart at mange har hatt vonde og vanskelege opplevingar og erfaringar med **kristendomen** i barndom, ungdom og oppvekstmiljø. Dette set spor og gjer seg ofte utslag i negative haldningar til t.d. statskyrkja, «bedehusfolket» og dei kristne. Men korleis kan det ha seg at så mange tenkjande fornuftige menneske blir sitjande fast i dette «grumset» frå fortida, og ikkje greier å kome seg vidare? Kvífor ikkje lyfte blikket og sjå på Jesus. Det er Jesus som er midtpunktet, og ikkje statskyrkja eller dei kristne. Jesus er sjølve livskjelda. Det



er berre Han som kan gje det evige livet. Det er Jesus som er utfriaren, forløysaren som forsonar oss menneska med Gud. Kvífor ikkje gå på Jesus i møte? Det er rikdom og fridom å få seie Ja til Jesus og vi får alt dette som ei gáve heilt gratis!

«Dei kristne er so prektige»


Dette blir ofte hevda, men det er jo stikk motsatt! For det er vel nettopp fordi vi har oppdaga kor lite prektige vi er at vi treng til Jesus som vår Herre og Frelsar!

Må eg gje avkall på noko, ofre noko når eg blir ein kristen (seier ja til Jesus)?

Ja, men seier du, eg trur ikkje dette høver for meg! Tenk alt eg må gje avkall på! Kva då? Etter at eg sa Ja til Jesus har eg berre blitt tilført positive, levande og rike verdiar. Det er klart at nokre interesser blei tona ned og/eller forsvann gradvis. Men dette «skjedde» av seg sjølv som eit resultat av at Jesus kom inn og blei midtpunktet i livet mitt. Derved starta Han ein prosess **forvandling** frå innsida. Takk og lov for at eg slapp å stå for det. Jesus har berre tilført meg positive livsverdiar. Nye gode vene (i tillegg til dei «gamle» gode), rikt kristent fellesskap, ja, sjølve livet har eg fått. Eg har ikkje måttå ofra noko, men Jesus han måttå ofra livet sitt for at du og eg skulle gå fri. Tenk for eit offer utrent for oss alle. Kvífor ikkje då ta sjansen å gå på Jesus i møte. Korleis kan vi eigentleg våge å la vere? Korleis kan vi våge å stille oss likegyldige og lunkne overfor Jesus og alt det han kan gje oss?

Menneskeleg stolthet

Er det slik at vi mennesker er så stolte at vi synes det er flaut og ydmukande og måttå gje oss i møte med Jesus? Martin Luther peika på at den menneskelege stoltheten er den største barriera mot å seie ja til Jesus. Vi ønskjer å «fikse» livet vårt sjølve og ikkje søkje hjelpe eller ankerfeste i noko(n) utanfor oss sjølve. Ja, noko måttå skje inne i meg før Jesus kom gjennom til meg: «Sannhetens øyeblíkk», nokre minuttus «audmjuke», men det var det verdt! I dag har eg noko å leva for og noko å leva: Jesus Kristus. Livet har fått mål og meaning! Det er jo til og med spennande å vere ein kristen. Det er ikkje kjedeleg, men rikt å få leva i Jesus. Ver derfor ikkje som Peer Gynt: Gå ikkje utanom. Ta valet! Sjå over statskyrkja og oss kristne som ikkje alltid er levande gode føredøme. Fest blikket på Jesus. Jesus ønskjer å møte deg der du er no. Du får koma akkurat slik du er. Er det ikkje flott? Vil du så



møte Jesus? Det møtet kjem du aldri til å angre på! Når du eig Jesus, eig du alt!

Lukke til med det!

Grethe Reigstad Tennebø

Samlingar på Takvam

Nemnda for Takvam kapell har 2 arrangement dei innbyr til denne sommaren. Først er det olsokgudsteneste laurdag 28.7. kl. 19.00. Der deltek res.kap. Sundsbø.

Søndag 19. august er det Takvamssøndagen. Då er det gudsteneste i kapellet kl. 14.30 ved sokneprest Nese. Dei har og bede inn soknerådet i Samnanger og soknepresten der, Audun Aase.

Nyleg var ein del frå Skyggestranda på tur til Undredal. Der inviterte dei folk derfrå til Takvamsøndagen, og for at dei skal kunna vera med, er tidspunktet for gudstesta sett til kl. 14.30.


Alle er velkomne til å vera med, og det vert kyrkjekaffi i samband med begge arrangementa.

Moro-sida

- for store og små

Redigert av Ingvald Straume
og Jeanette Garnes

Ha, ha!





Dette nummerets hjernetrim:

Kva for bibelvers og kva for teikningar høyrer saman?

a) *Joh 15:5*

b) *Matt 6:26*

c) *Joh 8:12*



Vitsekonkurranse.

Send inn dine beste vitsar til Kyrkjelydsblad for Arna, boks 11, 5260 Indre Arna, eller lever dei direkte på prestekontoret (Borgstova). Det vil for kvart nummer bli plukka ut ein vinnar som blir premiert med ein pose potetgull. Vinnarvitsen kjem dessutan på trykk i bladet. Sidan dette er det første nummeret med Moro-side, vil redaksjonen sjølv få lov til å komme med ein vits: To myggar sit på nasen til Robinson Crusoe. Så seier den eine: "No stikk eg! Ser deg på Fredag!"



Arna Barnekantori på kyrkjetrappa i Eivindvik.

Barnekantoriet på tur til Eivindvik

Siste helga i mai, laurdag 26. og søndag 27. var Arna barnekantori på tur til Eivindvik i Gulen kommune.

Turen starta lørdag morgen frå Seimskaien der koret hadde hyra eigen skyssbåt.

I 38 knops fart transporterte «Tornerosse» koret til Eivindvik på rekordtid.

Ved ankomst fekk koret servert varm tomatssuppe av det lokale vertsskap, noko som kom godt med på denne kalde og våte maidag.

Tross dårlig ver, stemningen og sanggleden var på topp, noko dei eldre på aldersheimen fekk oppleve ved ein liten huskonsert seinare på dagen.

Søndag oppratt med skyfri himmel og Eivindvik fekk presentert sin vakre natur frå si beste side.

Frokost vart inntatt på skolekjøkkenet og deretter gjekk turen til kyrkja der koret medverka på høgmessa, som denne søndagen vart forretta av Stiftskapelan Hans Olav Hole.

Etter kyrkjegang var det omvisning i Eivindvik der vi fekk innblikk i den lange historiske bakgrunnen denne plassen har.

Turen vart avslutta med fellesmiddag på det lokale vertshus før turen vart lagt heimover i 38 knops fart, berre forbikøyrt av sjølvaste «Sognekongen».

«Barnebarn-bestefordldreir»:


Bergens Søndagsskolekrets og Bergen krets av Den norske Santalmisjon inviterer barnebarn og besteforeldre og tanter/onklar med nevøer/nieser til leir i sommer.



Sted: Sotraheimen leirsted, Foldnes på Sotra. **Tid:** 9.-12. august 1990.

For program/nærmere opplysninger, henv. Santalmisjonen, Øvre Korskirkealm. 5, tlf. 31 60 90.

Påmeldingsfrist: 27. juli 1990.



ARNA barnekantori

Aspirantkoret: 1.—3. klasse

Barnekantoriet: frå 4. klasse

Øving: Onsdagar frå kl. 17.00-18.15

Stad: Kyrkjelydshuset

Dei som ynskjer å begynne, kan ta kontakt med formann Berit Hartveit tlf. 24 12 45 (dagtid) eller dirigent Asbjørn Flåm tlf. 24 02 15/24 00 04 Arna kyrkjekontor.

**STYRET YNSKJER NYE OG GAMLE MEDLEMMAR
VEL MØTT TIL NYTT SEMESTER!**

PROSJEKTKOR - P.K.

Dirigent: Kantor Asbjørn Flåm.

Øvingsdag: Onsdag.

Stad: Kyrkjelydshuset/Arna kyrkje.

Øvre aldersgrense: 50 år.

P.K. er eit kammerkor oppretta og dirigert av Arna kyrkjes kantor. Koret øver annakvar onsdag.

Koret har i dag 25 medlemmer.

På programmet for hausten og vinteren kan nemnast:


November: Konsert med Ytre Suløen Jazz Ensemble.

Januar: Korseminar med Per Oddvar Hildre.

Første øving er onsdag 15. august.

Dei som er interessert, kan ta kontakt med formann Svein-Inge Myhr, tlf. 24 34 24 eller Asbjørn Flåm, tlf. 24 04 00/-24 02 15 Arna kyrkjekontor.

Ungdomsklubb i Arna startar 26. oktober



Utvalet som har arbeid med å føreby den nye ungdomsklubben i Arna innbyr til det første klubbmøte i kyrkjelydshuset fredag 26. oktober klokka 18.00. Frå venstre Erik Rodal, Marta Straume, Marianne Fjellteit og Audun Stølsås. Jan Egil Brusdal og Kjell Helge Kleppestø har også vore med i utvalet. (Foto: Sæbjørg Hageberg)

Fredag 26. oktober klokka 18.00 opnar den nye ungdomsklubben sine dørar i det nye kyrkjelydshuset i Arna til sin første klubbsamling.

Arna sokneråd har nyleg gjort vedtak om å starta klubben etter at et utval har førebudd ein slik klubb utanover våren. Utvalet er no igang med å rekruttera leiarar til de nye ungdomsklubben. Ungdom frå 13 år og oppover kan vera med i klubben. Det vert klubbsamling kvar fredag.

På klubbkveldane vert det ulike aktivitetar der klubbmemeleane vert delt inn i ulike grupper etter interesser.

Det er planlagt slike

grupper for måling og teikning, foto, gitarspill, kultur, leiarskap.

Etter desse gruppeaktivitetane vert det fellessamling.

Ein gong i månaden vert det temakveld der aktuelle emne vert teken opp. På

nokre av desse kulturkveldane er det lagt opp til møte med folk frå andre kulturar.

Klubbnavn

Ungdomsklubben har ennå ikkje fått noko navn. Men det lyt den sjølv sagt ha. Vi tillyser difor ein navnkonkurranse.

Eru over 13 år kan du vera med på denne konkurransen.

Send ditt forslag til Erik Rodal, Arna kyrkjekontor, 5260 Arna innan 20. august.

Har du lyst å vera med som leiar i klubben kan du også ta kontakt med Erik Rodal.

Kyrkjelydstur til Fedje



Arna prestegjeld legg gjerne sine turer til salt sjø. 26. august går årets tur til øya Fedje. Turen ifjor, der dette biletet vart teken, gjekk rundt Osterøy med veteranbåten «Granvin».

Arna prestegjeld har fått sans for salt sjø når det gjeld dei årlege turane som vert arrangert på hausten.

Mens turen ifjor gjekk innaskjær med den nyrestaurerte veteranbåten «Granvin» rundt Osterøy, vert kursen i år sett over ope hav til øya Fedje.

Turen går søndag 26.august.

Det er frammøte ved Arna kyrkje klokka 8.45 og ved Sentrum i Ytre Arna klokka 8.55.

Turen går med buss og ferge.

Det vert gudsteneste i Fedje kyrkje klokka 12.15 ved res. kap. Harald Sundsbø.

Eit av kora vert truleg også med på tu-

ren. Etter gudstenesta blir det servering av middagsrett. Dei som ynskjer kaffe og ein matbit før den tid må gjerne taka det med seg.

Det vert og vitjing av losstasjonen. Det vert eit aktivitetsopplegg for barna.

Bindande påmelding må skje innan 12. august til Arna kyrkjekontor, telefon 24.04.00, Ytre Arna kyrkjekontor, telefon 24.85.46 eller til Svein Mjelde, telefon 24.28.71.

Turen kostar kr. 120 for vaksne og kroner 40 for barn under 16 år. Middagen er med i prisen.

Sæbjørg (22) blir ettåring

Sæbjørg Hageberg er 22 år gammel. I august begynner hun som ettåring i Arna menighet.

Å være ettåring i en menighet betyr at hun for en ten lønn gir et års tjeneste i menigheten. Sæbjørg vil i særlig grad være engasjert i barne- og ungdomsarbeidet i menigheten. Hun vil blant annet bli engasjert i Tensing-koret Keryx, i konfirmantopplegget, ikke minst med weekendleirene, i den nye ungdomsklubben som skal startes i Arna og i barnekubben-/barnegospel-koret som skal settes i gang på Gernes.

Sæbjørg har allerede en tid vært dirigent for Keryx.

—Hensikten med denne tjenesten er at ungdommen skal kunne forholde seg til en person i menigheten som arbeider spesielt for barn og ungdom, og som ikke har tusen andre ting å gjøre tillegg, sier Sæbjørg. Etter det jeg har hørt er det mange i menigheten som har saknet akkurat en slik funksjon.

Sæbjørg har gått på Framnes folkehøgskole og på 3-årig gymnas på musikklinjen på U. Pihls skole i Bergen. Hun har også vært elev på «Gå ut-senteret», Santalmisjonens bibel- og misjonsskole på Hurdal i Akershus.



Sæbjørg Hageberg tar til som barne- og ungdomsarbeider i Arna menighet i august.

Der gikk hun på den såkalte team-linjen som særlig var opprett av evangelisering, misjon og menighetsarbeid.

For tiden er hun igang med å studere kristendoms-kunnskap mellomfag på Norsk Lærerakademi i Bergen.

Sæbjørg sier at det er hennes håp at det at menig-

heten har engasjert henne som ettåring innebærer en oppgradering av barne- og ungdomsarbeidet. Det er i ungdomsårene at de fleste tar et bevisst standpunkt for det de velger å tro på i livet, og mye av grunnlaget blir lagt i barneårene. Derfor er det viktig at menigheten har tilbud for alle aldersgrupper.

Ny bok tar opp viktig debatt:


Hvorfor gjeldskrise?

Gjeldskrise er tittelen på en bok utgitt av Kirkens Nødhjelp og Mellomkirkeelig Råd i samarbeid med Kirkens U-landsinformasjon og Frikirkerådets U-landsinformasjon. Boken gir en oversikt over handelsbalansen mellom den rike og den fattige del av verden, og konkluderer med å etterlyse handlingens mot til å handle upopulært: «En løsning som virkelig skal monne noe må innebære tiltak som berører den enkelte skatteinntekter i Versten, (s. 132).

Leseren føres på en pedagogisk måte inn i stoffet. Først presenteres bakgrunnen for gjeldskrisen. Hvor dan og hvorfor er den oppstått? Hvem har skylda, og hva kan gjøres for å snu den destruktive utviklingen? Etterhvert fylles bildet ut med detaljerte eksempler fra forskjellige land og med forklaringer av viktige begreper.

Forfatteren poengtører at de forskjellige negative utviklingstendensene forsterker hverandre. Gjeldskrisen utdypes utviklingskrisen, som igjen forårsaker miljøkrisen. Alt dette utgjør en global trussel.

IMF's (Pengefondets) politikk overfor u-landene blir inngående drøftet. Her slipper begge parter til med sine argumenter. U-landene må tåle kritikk for feilinvesteringer, korruption, kapitalflukt, og - i noen tilfeller - for å ha brukt lån til våpenkjøp. Men bokens sentrale spørsmål



blir likevel: Er det rimelig at verdens fattigste land skal hefte for en gjeld som, av årsaker de ikke er skyld i, er blitt to- eller tre-doblet i løpet av få år? Forfatteren viser til at de fattige land står uten innflytelse over f.eks. olje- og andre råvarepriser, tollmurer og handelsrestriksjoner, verdensmarkedsrentenivå og dollarkurs.

Det er mulig å lese denne boken uten å føle at spørsmålet om gjeldskrisen til syvende og sist er et moralisk spørsmål.

Krisen kan løses, ifølge forfatteren.

Boken er trykket på resirkulert papir uten flotte fargefotografier.

Gjeldskrise!


Forfatter: Leiv Lunde

**Utgiver: Kirkens Nødhjelp og
Mellomkirkeelig Råd**

KYRKJESKYSS FRÅ HAUKELAND/ESPELAND

01.07:	Ingrid Hope	Tlf. 24 08 08
08.07:	Sverre Myklebust	Tlf. 24 29 05
15.07:	går ut p.g.a. ferie	
22.07:	går ut p.g.a. ferie	
29.07:	Nils Minde	Tlf. 24 01 54
05.08:	Ingrid Hope	Tlf. 24 08 08
12.08:	Nils Minde	Tlf. 24 01 54
19.08:	Berit Haugsvær	Tlf. 24 08 15
26.08:	Konrad Borge	Tlf. 24 00 31
01.09:	Sverre Myklebust	Tlf. 24 29 05
09.09:	Berit Haugsvær	Tlf. 24 08 15
16.09:	Ingrid Hope	Tlf. 24 08 08
23.09:	Nils Minde	Tlf. 24 01 54
30.09:	Konrad Borge	Tlf. 24 00 31

Ny styrar i barnehagen



Dåpssøndagar

Det vert høve til dåp i kyrkje-
ne desse søndagane:

Arna kyrkje:

17.06, 01.07, 15.07, 29.07, 12.08, 19.08.

Ytre Arna kyrkje:

15.07, 05.08, 02.09, 23.09.

I Ytre Arna kan ein også ha dåp når det er nattverd:

01.07, 08.07, 19.08, 09.09.

Berit Marhaug Hartveit er tilsett som ny styrar for Arna kyrkjelyd sin barnehage. Ho har dei to siste åra vore avdelingsleiar i barnehagen. Den siste tida har ho vore fungerande styrar. Berit Marhaug Hartveit har eksamen frå førskulelærarlinna på Bodø lærarhøgskule. Ho har studert kristendom grunnfag ved Norsk Lærerakademi i Bergen, og var i tre år førskulelærar og styrar på Heimly barnehage.

UNGJOBB - 90

TRENGER DU HJELP AV ARBEIDSVILLIG UNGDOM?

KONTAKT UNGJOBB — 90 Tlf.: 24 15 20 kl. 8.00 — 12.00 11/6-6/7-90

Ungdommene er mellom 14 — 18 år. De utfører lettere arbeid som:

HAGEARBEID — MALING — RYDDING — BARNEPASS — FLYTTING ETC.

Timebetalingen er minimum kr. 35,- + ev. busspenger.

RING OSS — VI KOMMER SÅ SNART SOM MULIG.

Tiltaket administreres av Bergen Kommune, Ungdomskontoret i Arna.

NYTT FRA KÝRKJELYDANE



Døypte

Arna sokn:

- 07.04: Dorthea Malene Høvik Indrearn. 08.04: Sindre André Isaksen Langhelle. 15.04: Susanne Sundal. 15.04: Tommy Veland, døypt i Haus kyrkje. 22.04: Linn Renate Lerøen, Benedicte Steine Lindvik, Magnus Ringø, Martin Engesæt. 29.04: Anders Aadland Fosmark, døypt i Samnanger kyrkje. 20.05: Kristina Jarland Gunnarskog, Glenn André Vik, Stein Erik Venheim, Magnus Fivelsdal Pedersen, Marius Torsvik Rivenes og Magnus Ritland Taule. 24.05: Henriette Nelson.

Ytre Arna sokn:

- 08.04: Bjørn Rune Rutschmann Rivenes, døypt i Arna kyrkje. 22.04: Sindre Almelid. 13.05: Tina Kalsås Størkson, Rune Gravdal, Mats Simonsen Jahn. 24.05: Kristin Henriksen, Øyvind Nævdal Eide. 03.06: Synnøve Sævdal Vikne, Grete Sævdal Vikne, Even Fonn, Christine Midthun, Lars-Petter Skagen.



Vigde

Arna sokn:

- 28.04: Stein Haugland og Grete Leiknes. 12.05: Rolf Tore Presthus og Anne Sørensen. 12.05: Christian Austrheim og Anne Kristin Sunde. 19.05: Kjell Rygg og Maj-Brit Hoel Rauken. 19.05: Arne Broch og Frøydis Wathne Nilsen.

Ytre Arna sokn:

- 05.05: Jan Petter Espvik og Kari Myking.



Arna sokn:

- 26.04: Søren Hekland, f. 1919. 
 Ytre Arna sokn:
 17.04: Trygve Selbak, f. 1919. 25.04: Gunnar Egil Gideonsen, f. 1925. 26.04: Konrad Unneland, f. 1911. 28.04: Solveig Ruth Lunde, f. 1918. 05.05: Arvid Olav Larsen, f. 1944.

OFRINGAR

Arna sokn:

16.04: Kyrkjelydsarbeidet	1292,-
22.04: Arna kyrkjelyd sin barnehage	2336,-
29.04: Dei 4 diakoniinstitusjonar	2137,-
06.05: Kl. 10.00: Kyrkjelydsarbeidet	2635,-
06.05: Kl. 12.15: Kyrkjelydsarbeidet	3612,-
13.05: Kyrkjelydshuset	4347,-
17.05: Arna Søndagsskulelag	2488,-
20.05: KFUK/KFUM	2763,-
24.05: Norsk Lutherisk Misjonssamband	1209,-
27.05: Bibelskulen, Bildøy	1511,-

Ytre Arna sokn:

Fastebøsser	3643,-
22.04: Det norske Diakonhjem	855,-
01.05: Kristne arbeideres forbund	928,-
06.05: Kyrkjelydsarbeidet	3852,-
13.05: Norges Kristelige student- og skoleungdomslag	1050,-
24.05: Institutt for sjelesorg, Modum bad	1172,-
03.06: Nordhordland Indremisjon	1717,-

Trengereid:

14.04: Israelsmisjonen	856,-
13.05: Kyrkjelydsarbeidet	1206,-
17.05: Arna søndagsskulelag	943,-
03.06: Nordhordland Indremisjon	575,-

Ferie for prestane

Res.kap. Harald Sundsbø har ferie i tida 18.6-15.7.

Sokneprest Kjell Nese har ferie 16.7-12.8.

I ferietida vil prestekontoret i Ytre Arna kunna vera stengt i kontortidene av og til. Ein kan då kontakta sokneprestkontoret i Indre Arna. Telefonnr. dit er 24 04 00.

Familie-gudstenester med korbesøk

Helga 15.-17. juni arrangerar Noregs kyrkjesongsamband Rikskirkessangfest for barne- og ungdomskor i Bergen. Det er påmeldt ialt 60 kor, ca. 1800 barn og voksne.

Fredag kveld er det opningsgudsteneste i Johanneskyrka der Trond Kvernos vesper «Rydd vei for Herren» skal framførast. Medverkande her er bl.a. Indre og Ytre Arna barnekor.

Lørdag er det optog gjennom byens gater med apell på Torgalmenningen. Seinare på ettermiddagen og kvelden vert det konsert og stor sangarfest for alle påmeldte i Grieghallen.

Søndag formiddag er alle medverkande kor fordelt rundt i byens kyrkjer. Indre Arna kyrkje får besøk av Askim kirkes barnekor, dir. Vidar Hansen og Østre Fredrikstad pikekor, dir. Sten Næss.

Kyrkjelydsbladet på kassett

Redaksjonsnemda vil med dette minna om ordninga med at alle blinde og svaksynste kan få tilsendt kyrkjelydsbladet innlese på ein lydkassett. Dette kostar ikkje noko ekstra. Slike sendingar går utan porto, og etter ein har hørt kassetten, kan den sendast tilbake gratis. Det vil vera fint om dette tilbodet vert kjent for fleire. Så kjenner du nokon som kan ha nytte av det, ta kontakt med dei.

For å koma med på ordninga kan ein kontakta kyrkjekontora: tlf. 24 04 00 i Arna eller 24 85 46 i Ytre Arna.

Eldretur til Jondal

Eldretreffen på Flatane, Ytre Arna har tur til Jondal fredag 20. juli. Knut Vesetvik vert sjåfør og Harald Sundsbø reiseleiar.

Program og påmelding til turen kan ein få ved Ytre Arna kyrkjekontor tlf. 24 85 46. (I ferietida også ved Arna kyrkjekontor 24 04 00) Alle eldre er velkomne til å vera med, og vi tek imot påmeldingar så lenge det er plass i bussen.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.
Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.
Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsenv. 39: Tlf. 24 85 46.
Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.
Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

MØTER

Betania, Lone:

- 21.06: Nattverdmøte
- 23.06: Y-ungdom, Jonsokbål
- 24.06: Møte v/Indremisjonen
- 30.06: Ungdomskveld
- 01.07: Møte v/NLM
- 08.07: Møte v/BUF
- 15.07: Møte v/Indremisjonen
- 22.07: Møte v/NLM
- 29.07: Møte v/BUF
- 05.08: Møte v/Indremisjonen
- 12.08: Møte v/NLM
- 16.08: Nattverdmøte
- 19.08: Møte v/BUF
- 23.08: Møte v/BUF
- 24.08: Y-ungdom, Ripsfest
- 25.08: Ungdomskveld v/BUF
- 26.08: Møte v/Indremisjonen
- 30.09: Møte v/NLM
- 02.09: Møte v/Indremisjonen
- 06.09: Møte v/Indremisjonen
- 08.09: Samlingsfest
- 09.09: Møte v/BUF

Haugland bedehus:

19.20 og 21.06: Møter v/Indremisjonen.
Talar Anne Marie Hevrøy.

Sunniva-dagen

Sunniva-dagen er 8. juli.

Dagen før, lørdag 7. juli, feires den i Bergen som kirkedag for byen og stiftet. Oppmøte ved Domkirken kl. 11.45. Prosesjon gjennom byens gater til Kristkirke-tomten på Sverresborg festning hvor vi holder festgudstjeneste med forbønn for vår by og vårt bispedømme. Se nærmere kunngjøring og omtale i pressen.

Tannlege MNTF LINE BORJA

tar imot pasienter i det nye Kyrkjelydshuset ved Indre Arna kirke.

Tlf. 24 02 46
mellan 8-15.30.

Kveldstid og lørdager etter avtale.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Audun Stølås, Sylvi Sæle, Ragnhild Rein, Hilde Rohde, Harald Sundsbø, Laila Ueland, Ingvald Straume.

Forretningsførar: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856

Trykt av Grafisk Forum A/S, Ytre Arna.

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Kåre Bj. Hope

Står til teneste med alt ved dødsfall.

Kransebinderi, sløyfetrykkeri.

Annonser, sanger, båretransport.

TLF. 24 08 08



Sunniva-dagen

Sunniva-dagen er 8. juli. Dagen før, lørdag 7. juli, feires den i Bergen som kirkedag for byen og stiftet. Oppmøte ved Domkirken kl. 11.45. Prosesjon gjennom byens gater til Kristkirke-tomten på Sverresborg festning hvor vi holder festgudstjeneste med forbønn for vår by og vårt bispedømme. Se nærmere kunngjøring og omtale i pressen.

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

FOKUS Bank

Banken i Arna – for Arnafolk, der alle kundar, store og små, er hjarteleg velkomne.

FOKUS BANK
avd. Arna

Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,
konsert- og forsamlingslokaler.

Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09
ARTHUR HOPE

I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Banken i Arna fra 1866

SPAREBANKEN VEST

AVDELING ARNA

– til bygdefolket sitt beste

DU KAN LEIE HENGERE HOS OSS!

Vi har hengere for
Bil – Båt og
varetransport



ARNATVEIT AUTO SENTER

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen
ved J.B. Myklestad.

BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.

24 25 95



5260 Indre Arna

Velkommen til kyrkje

- JUNI 17. *2.s.e.pinse — Luk. 12, 13-21*
Arna kl. 11. FAMILIEGUDSTENESTE. Sokneprest Nese. Barnekantoriet m.fl.
Takkoffer til Norsk kirkesangforbund.
- Ytre Arna kl. 11. FAMILIEGUDSTENESTE. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til
Norsk kirkesangforbund.
- JUNI 24. *3.s.e. pinse. — Luk. 19, 1-10.*
Arna kl. 11. Krinssekr. Kjetså. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- Trengereid kl. 11. Sokneprest Nese. Takkoffer til den norske Sjømannsmisjon.
- JULI 01. *4.s.e. pinse — Luk. 15, 11-32.*
Arna kl. 11. Stiftskap. Morland. Takkoffer til Blå Kors.
- Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
- JULI 08. *5.s.e. pinse — Joh. 8, 2-11.*
Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.
- Ytre Arna kl. 11. Høgskulelektor Grøm. Nattverd. Takkoffer til AAN.
- JULI 15. *6.s.e. pinse — Matt. 16, 13-20.*
Arna kl. 11. Forstandar Tang. Takkoffer til Folkebevegelsen for livsrett og men-
neskeverd.
- YTRE ARNA kl. 11. Sokneprest Nese. Takkoffer til Misjonsalliansen.
- JULI 22. *7.s.e. pinse — I. Pet. 1, 15-21.*
Arna kl. 11. Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
- Trengereid kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Dronning Mauds minne.
- Takvam kl. 19. Res.kap. Sundsbø.
- JULI 29. *8.s.e. pinse — Matt. 10, 28-31.*
Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Bibelmisjonen.
- Ytre Arna kl. 11. Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Kristen Idrettskontakt.
- AUG. 05. *9.s.e. pinse — Matt. 7, 21-29*
Arna kl. 11. Heimesekr. Øystese. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.
- Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Bibelskolen på Bildøy.
- AUG. 12. *10.s.e. pinse — Luk. 12, 42-48.*
Arna kl. 11. Misjonspres Kjosavik. Takkoffer til Norges Samemisjon.
- Trengereid kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Santalmisjonen.
- JULI 19. *11.s.e. pinse — Joh. 6, 66-69.*
Arna kl. 11. FAMILIEGUDSTENESTE. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Barne-
og ungdomsarbeidet. Kyrkjekaffe.
- Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til Muhammedanarmisjo-
nen.
- Takvam kl. 14.30. TAKVAMSTEMNE. Sokneprest Nese.
- AUG. 26. *12.s.e. pinse — Matt. 21, 28-31.*
Arna kl. 11. Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til Misjonshøgskulen.
- SEPT. 02. *13.s.e. pinse — Jak. 1, 22-25*
Arna kl. 11. KONFIRMANTPRESENTASJON. Sokneprest Nese. Takkoffer til
kyrkjelydshuset. Søndagsskule.
- Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. KONFIRMANTPRESENTASJON. Takkof-
fer til kyrkjelydsarbeidet.
- SEPT. 09. *14.s.e. pinse — Matt. 5, 43-48.*
Arna kl. 11. Sokneprest Nese og kateket Rodal. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Tensingkoret Keryx.
- Arna kl. 19. Sokneprest Nese og kateket Rodal. Tensingkoret Keryx. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet.
- Ytre Arna kl. 11. Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Misjon bak jernteppet.
Kyrkjekaffi.